

Programme description
Masters degree programme of Science in Nursing

Field of study
Specialization in infectious disease nursing

120 studiepoeng

Vedtatt 14.05.2017

Endret 11.07.2017

Endret 30.08.2018

(e-Phorte 16/1036)

Endret 04.03.2019

(e-Phorte 19/16)

Innhald

1	INNLEIING	1
1.1	Målgruppe	1
1.2	Opptakskrav	1
1.3	Yrkesmoglegheiter/kompetanse	1
1.4	Historikk	1
1.5	Fagprofil	2
1.5.1	Liv	2
1.5.2	Pasientsentrert, etisk praksis	2
1.5.3	Organisering og leiing av kontinuerlege tenester	2
1.5.4	Kunnskapsforståing	3
1.5.5	Tverrvitskapleg perspektiv	3
1.6	Undervisnings- og eksamensspråk	3
1.7	Endringar av studieplan	3
1.8	Forventa arbeidsomfang	3
2	MÅL FOR STUDIET	4
3	ORGANISERING OG STRUKTUR	5
3.1	Lengde og studiestruktur	5
3.1.1	Struktur	5
3.1.2	Internasjonalisering	5
3.1.3	Innpassing og fritak	5
4	INNHALD	6
4.1	Oppbygging av studiet som heilskap	6
4.2	Første studieår	6
4.2.1	Første semester	6
4.2.2	Andre semester	6
4.3	Andre studieår	6
4.3.1	Tredje semester	6
4.3.2	Fjerde semester	6
4.4	Tredje studieår	7
5	UNDERVISNINGS-, LÆRINGS- OG ARBEIDSFORMER	8
5.1	E-læring	8
5.2	Desentralisert struktur med studentaktiv læring og IKT-støtte	8
5.3	Læringsformer	8

5.3.1	Studentstyrte seminar	8
5.3.2	Litteratursøk.....	8
5.3.3	Artikkelskrivingskurs	8
5.3.4	Tekstskrivingsseminar	8
5.3.5	Førelsingar og lærarstyrte seminar	9
5.3.6	Litteraturseminar.....	9
5.4	Evaluering	9
6	EKSAMEN OG VURDERING.....	10
6.1	Formål med vurdering	10
6.2	Krav til studiedeltaking.....	10
6.3	Rett til eksamen	10
6.4	Karakterskala	10
6.5	Rett til kontinuasjon	10
7	EMNEBESKRIVNINGAR.....	11
7.1	SYP 3000: Fagforståing i sjukepleie	11
7.2	SYP-3002 Sykepleiehistorie og fagtradisjonar	13
7.3	SYP-3005 Fagfordjuping i infeksjonssjukepleie, del 1.....	14
7.4	SYP 3008: Grunnlagstenkning og vitskapsteori	17
7.5	SYP-3006 Fagfordjuping i infeksjonssjukepleie, del 2	19
7.6	HEL – 3120 Metoder, metodologi og forskningsetikk	21
7.7	SYP-3007 Fagfordjuping i infeksjonssjukepleie, del 3.....	23
7.8	SYP-3901 Masteroppgåve i sjukepleie	24

1 INNLEIING

Masterstudiet er eit studium i sjukepleiefaget på høgre grads nivå etter § 3 i forskrift om krav til mastergrad, Kunnskapsdepartementet 2005, med omfang på 120 studiepoeng.

Oppnådd grad ved fullført studieprogram: Mastergrad i sjukepleiefaget.

Studiet bygger på bachelorstudiet i sjukepleie, som har som hovudmål å gi fagkompetanse i utøving av sjukepleie. Masterstudiet gir sjukepleiefagleg kompetanse i fagleg leiing, undervisning, rettleiing og fagutvikling. Masterstudiet tilbyr den fordjupinga i sjukepleiefagleg utøving som er nødvendig for å føre faget vidare til andre og utvikle det i nye samanhengar.

1.1 Målgruppe

Studiet rettar seg til sjukepleiarar med klinisk erfaring frå pasientretta arbeid som ynskjer å fordjupe den sjukepleiefaglege kompetansen i utøving og utvikling av faget.

Studiet går på 2/3 tid i forhold til full tids og gir rom for studentane til å arbeide ved sida av studiet. Normert tid for å gjennomføre studieprogrammet er 3 år.

Studiet er lagt opp med desentralisert struktur med IKT-støtta samlingsbasert undervisning.

1.2 Opptakskrav

Føresetnader for opptak/følgjande generelle opptakskrav gjeld:

Opptakskrav er bachelorgrad i sjukepleie eller tilsvarende.

Minimum to års praksis som autorisert sjukepleiar.

Praksiskravet er grunnlagt med at studiet har ein praksisnær profil, der studentane i læringsprosessen systematisk tar utgangspunkt i egne erfaringar frå klinisk arbeid.

1.3 Yrkesmoglegheiter/kompetanse

Studiet kvalifiserer til kliniske sjukepleiarstillingar i kommunehelsetenesta og spesialisthelsetenesta, som vektlegg fordjupa kompetanse i sjukepleien sitt fagområde, fagutvikling og fagleg leiing. Kombinert med pedagogisk tilleggsutdanning gir studiet lektorkompetanse i sjukepleiefaget og kvalifiserer til undervisningsstillingar. Studiet vil kunne kvalifisere til opptak ved doktorgradsstudium i helsevitskap.

1.4 Historikk

Sjukepleiefaget har ei lang historie; vi kjenner europeiske lærebøker i sjukepleie frå 1600-talet. Desse tradisjonane er ei kjelde til perspektiv også når faget i dag blir vidareutvikla på akademisk nivå. Sjukepleiefaget har også ei omfattande nordnorsk historie, med utdanning av sjukepleiarar i over 100 år. I det tjuande hundreåret engasjerte kvinneforeiningar og misjonsorganisasjonar seg i å utdanne og lønne sjukepleiarar til arbeid i lokalsamfunna. Den frivillige bevegelsen gav sjukepleiarane store oppgåver og sjukepleiefaget ei forankring i alle delar av regionen, som forpliktar også i dag. Først etter krigen vart sjukepleiarutdanninga lovregulert og integrert i det nasjonale utdanningssystemet, frå 1981 som høgskoleutdanning. For mange sjukepleiefaglege vidareutdanningar har det tatt lengre tid å bli eit tilbod ved høgskolar og universitet. Tendensen er at desse viktige utdanningane blir integrerte i mastergradsstudie.

UiT Norges arktiske universitet var det første universitetet i landet som oppretta eit høgre grads studium i sjukepleiefaget. Det var Sjukepleielæruddanninga frå 1977, ei nyskaping som integrerte sjukepleie med pedagogikk og vitskapsteori i eit toårig studium. I 1989 vart studiet utvida til eit todelt embetsstudium i sjukepleie ved Institutt for klinisk medisin. Etter pålegg frå departementet vart embetsstudiet lagt ned i 1998, og eit fleirfagleg hovudfagsstudium i helsefag vart oppretta, som i 2003 vart lagt om til eit mastergradsstudium. Mastergradsstudiet i sjukepleie fører vidare dei tidlegare sjukepleiefaglege tilboda ved UiT Norges arktiske universitet.

1.5 Fagprofil

Fagprofilen samanfattar dei faglege perspektiva som ligg til grunn for studiet. Nedanfor er det gjort greie for sentrale begrep og perspektiv.

1.5.1 Liv

Sjukepleie er kyndig hjelp til å leve gjennom ein krevjande eller usikker fase. Det uvisse ved livet trer klart fram under kriser, sjukdom og alderdom. Sjukepleie inneber å følgje med menneske for å trygge livsopphaldet, lindre plager, førebygge risiko og komplikasjonar, og møte endringar i tilstanden. Derfor er kontinuerleg observasjon sentralt i faget. Sjukepleiarar hjelper pasientar med sine næraste gjennom helsemessige utfordringar, kriser, sjukdom og alderssvækking, og inn i døden. Sjukepleie er ofte nødvendig for å klare seg gjennom inngrep og behandlingar. Sjukepleiarar og helsefagutøvarar innan diagnostikk og terapi samarbeider med mål om at menneske skal bli friske og meistre funksjonsvanskar. Men sjukepleiarane sitt primære ansvar for å understøtte og lette livet til pasienten er minst like viktig der helsemål ikkje lar seg oppnå.

1.5.2 Pasientsentrert, etisk praksis

Typisk for pasientsentrert sjukepleie er det kontinuerlege, praktiske ansvaret for pasientar og pårørande, som ein føresetnad for at sjukepleiarar kan berge liv og skape tryggleik. Det gjeld både i korte pasientmøte og i lengre tidsrom, for den enkelte og i befolkninga. Pasientsentrert sjukepleie føreset felles fagkunnskap og kontinuitet i fagleg leiing og organisering. Sjukepleie er med andre ord samtidig fagleg og etisk praksis.

1.5.3 Organisering og leiing av kontinuerlege tenester

Sjukepleiarar organiserer og leier beredskap og helsetenester gjennom døgnet i alle geografiske område. Frå eit pasientperspektiv er det avgjerande å få trygg, kompetent hjelp og oppfølging i sjukeperioden, at det er god informasjonsflyt mellom pasient/pårørande og helsepersonell, og at personlege, sosiale, kulturelle, åndelege og geografiske forhold blir tatt omsyn til. Kontinuitet er eit fagleg, etisk og organisatorisk omgrep. Som langt den største faggruppa i eit helsevesen i raske endringar har sjukepleiarane betydeleg koordineringsansvar i det tverrfaglege samarbeidet. Dei har oftast førstehandskontakt og eit sjølvstendig ansvar for pasientsentrert samhandling i sjukeperioden.

Trygge helsetenester er ein føresetnad for å kunne bu her nord. Endringane i helsepanoramaet og helsetenestene som vi står overfor dei nærmaste åra, tyder på at vidareutvikling av sjukepleiekompetanse vil vere ein nøkkelfaktor for samfunnsutviklinga i

nordområda. Mange av desse trekka er globale, der vi kan lære av sjukepleiepraksis i andre delar av verda.

1.5.4 Kunnskapsforståing

Sjukepleiefaget omfattar både praktisk kunnskap, forskning, fagtradisjon og sjukepleieteoriar. Desse ulike formene for kunnskap går inn i sjukepleiepraksisen. Faget kan ikkje utviklast berre gjennom generelle teoriar og begrep, men må ta utgangspunkt i praktisk erfaring. Samtidig er forskning også nødvendig som kunnskapsgrunnlag i praksis. Den internasjonale sjukepleieforskinga har i dag eit stort omfang. Ho er både klinisk retta og ein aktiv metodisk og vitskapsteoretisk arena. Det er viktig at sjukepleieforskinga blir tatt i bruk og får bidra til ei kritisk forskingsbasering både av praksis, undervisning og fagutvikling.

1.5.5 Tverrvitskapleg perspektiv

Sjukepleiefaget har tilfang frå humanistisk, samfunnsvitskapleg og – ikkje minst – medisinsk vitskap. Å sette desse opp mot kvarandre er lite fruktbart for faget. Utviklinga i helsestellet og i faget sjølv krev i dag større fokus på den medisinske kunnskapen i sjukepleiefaget. Sjukepleiefaget fører saman kunnskap frå medisin, humaniora og samfunnsvitskap.

1.6 Undervisnings- og eksamensspråk

Hovudspråket er norsk. Det kan også bli undervist på andre skandinaviske språk og på engelsk. Norsk, andre skandinaviske språk eller engelsk er eksamensspråk.

1.7 Endringar av studieplan

Studieplanen til Master i sykepleie er under revisjon. Med forbehold om godkjenning vil ny studieplan være gjeldende fra høst 2018. Det vil da kunne bli noken endringar til denne planen. Disse endringane vil ikkje innskrenke rettane til studentane og avlagte emner vil tilpassas den nye planen. Gjeldande studieplan er den som ved starten av nytt studieår er publisert på nettsida til universitetet.

1.8 Forventa arbeidsomfang

Eit års fulltidsstudium utgjer 60 studiepoeng. For å nå læringsmåla for eit års fulltidsstudium må studentane forvente å arbeide 1700 timar, dvs. ca. 40 timar pr. veke, inkludert både undervisning og sjølvstudium. For eit studium med 2/3 progresjon blir forventa arbeidsomfang i snitt 26 timar pr. veke

2 MÅL FOR STUDIET

Ved slutført studium skal studenten ha oppnådd fordjupa, integrert og sjølvstendig kompetanse i sjukepleiefaget på masternivå, som omfattar følgjande kunnskap, ferdigheiter og generell kompetanse:

- kunne eksplisere eiga fagforståing i forhold til fagtradisjon, sjukepleieteori, kunnskapsteori og grunntenking i sjukepleie
- kunne analysere, drøfte og nytænke sjukepleiepraksis i lys av sjukepleiefagleg og tverrvitskapleg forskning og teori, og kunne drøfte handtering av etisk vanskelege situasjonar
- kunne eksplisere og grunngje kontinuerleg sjukepleieansvar og pasientsentrert sjukepleie gjennom korte og lengre tidsrom, på person-, organisasjons- og befolkningsnivå
- kunne analysere og drøfte kritisk ulike trekk ved dagens helsepolitikk og kva aktuell helsepolitikk og organisering av helsetenesta har å seie for utøving av helsetenester og sjukepleie spesielt
- kunne analysere og grunngje sjukepleiefagleg leiing og organisering, og tverrfagleg samarbeid på ulike nivå med fokus på kvalitetssikra pasientforløp
- kunne drøfte sjukepleiefaglege konsekvensar av globale og regionale utfordringar i helsetenesta
- kunne identifisere, strukturere og formulere fagleg relevante spørsmål i sjukepleiepraksis som kan førast vidare i kvalitetsutvikling, fagutvikling og forskning
- kunne grunngje eige forskingsperspektiv sjukepleiefaglig, vitskapsteoretisk og metodologisk, identifisere og drøfte forskningsetiske problemstillingar, og gjennomføre eit avgrensa forskingsprosjekt i tråd med gjeldande forskningsetiske normer og lovverk som regulerer forskning
- kunne kommunisere om faglege problemstillingar, analyser og konklusjonar på eige fagområde både med spesialistar og til offentlegheita

3 ORGANISERING OG STRUKTUR

3.1 Lengde og studiestruktur

Studiet er lagt opp med desentralisert struktur, med samlinger på UiT Tromsø ved UiT Norges arktiske universitet. Målet er å opprette basisgrupper (læringsgrupper) i Troms og Finnmark når søkargrunnlaget tillet det. Studiet varar i 3 år med 40 studiepoeng pr. år (2/3 fart). Dei to første studieåra utgjer undervisningsdelen. Masteroppgåva blir skriven tredje studieår. Sjå Utfyllande reglar for mastergradsstudiet i sjukepleie ved UiT Norges arktiske universitet.

3.1.1 Struktur

1.semester	SYP-3000 Fagforståing i sjukepleie, 15 sp.	
2.semester	SYP-3005: Fagfordjuping i infeksjonssjukepleie del 1, 20 sp.	SYP-3008: Vitskapsteori og grunnlagstenking 5 sp.
3.semester	SYP-3006: Fagfordjuping i infeksjonssjukepleie del 2, 10 sp.	HEL-3120: Forskningsmetode, 10 sp
4.semester	SYP-3007: Fagfordjuping i infeksjonssjukepleie del 3, 10 sp.	SYP-3002: Sykepleiehistorie og fagtradisjonar 10 sp.
5.semester	Masteroppgåve SYP-3901	
6.semester	Masteroppgåve SYP-3901 forts., i alt 40 sp.	

3.1.2 Internasjonalisering

Sjukepleiefaget har sterke internasjonale tradisjonar. Globale utviklingstrekk har ført til auka fokus på sjukepleiekompetanse i mange delar av verda, med behov for å hente inn ny kunnskap og perspektiv gjennom kontakt og utveksling med andre fagmiljø. SYP-3002: Sykepleiehistorie og fagtradisjonar kan bytast ut med eit emne frå tilsvarende mastergradsstudie i utlandet, fordi emnet omfattar både internasjonale som nasjonale perspektiv. Utanlandsopphald skal vere ved eit universitet som UiT har samarbeidsavtale med. Endeleg samansetting av studieløp skal godkjennast før studenten kan ta mastergradseksamen.

3.1.3 Innpassing og fritak

Studentar som tidlegare har gjennomført emne på masternivå som er samanliknbare i innhald og omfang, kan få innvilga fritak for emne/eksamen i masteremne. Fritak gis etter individuell søknad, for inntil 30 studiepoeng. Studenter som har bestått emner på totalt 40 studiepoeng i Syp-3009 Distriktssykepleie del 1, Syp-3010 Distriktssykepleie del 2 og Syp-3011 Distriktssykepleie del 3 vil få innpass for disse på Master i sykepleie.

Distriktssykepleieemnene vil da erstatte emnene:

- SYP-3005 Fagfordypning i infeksjonssykepleie del 1 (20 stp.)
- SYP-3006 Fagfordypning i infeksjonssykepleie del 2 (10 stp.)
- SYP-3007 Fagfordypning i infeksjonssykepleie del 3 (10 stp.)

4 INNHALD

4.1 Oppbygging av studiet som heilskap

Sjukepleiarar arbeider i ulike praksisfelt og sektorar. Studiet gir fordjupning i sykepleiefaget samtidig som studentene får fordjupning i infeksjonssykepleie. Ved fullført studium vil kandidaten ha avansert kunnskap i sjukepleiefaget og spesialkunnskap i eit avgrensa område av faget. Oppbygging av studiet går fram av planskissa under kapittel 3.

4.2 Første studieår

4.2.1 Første semester

Studiet startar med emnet SYP-3000 *Fagforståing i sjukepleie*. Emnet etablerer sjukepleiefaget som fokus for studiet. Studentane arbeider med å utvikle forståing av faget gjennom fordjuping i sjukepleiepraksis. Praksiserfaringar blir drøfta i lys av sentrale omgrep i faget og ut frå forskning og etisk teori. Studie av pasient- og pårørandeerfaringar blir framheva som eit grunnlag for pasientsentrert sjukepleie. Gjennom emnet får studentane trening i forskingssøk, kritisk lesing av forskning og skriving av eigne tekstar.

4.2.2 Andre semester

Semesteret inneheld emnet SYP-3005 *Fagfordjuping i infeksjonssjukepleie, del 1*. Emnet er delt i to hovudtema; medisinske og naturvitskaplege tema og sjukepleiefaglege tema.

Samfunnsfaglege tema blir og tatt opp.

Semesteret fortset med SYP-3008 *Vitskapsfilosofi og grunntenking i sjukepleie*. Emnet går inn på filosofiske grunnspørsmål i sjukepleie, og drøftar samanhengar mellom naturvitskaplege, humanistiske og samfunnsvitskaplege perspektiv i faget. Sentrale vitskapsteoretiske og metodologiske tema i sjukepleieforskning blir behandla, og studentane får arbeide med utvikling av praksisrelevante forskings- og fagutviklingsspørsmål

4.3 Andre studieår

4.3.1 Tredje semester

Semesteret fortsetter med fagfordjupningsemnet SYP-3006 *Fagfordjuping i infeksjonssjukepleie del 2, 10 sp.*

Neste emne er Hel- 3120 *Metoder, metodologi og forskningsetikk*, som er felles med Master i helsefag. Her blir perspektiv som er presenterte i føregåande emne følgde opp. Emnet behandlar føresetnader for ulike metodiske tilnærmingar i helsefaga forskingsmetodar og forskingsdesign av kvalitativ og kvantitativ karakter.

4.3.2 Fjerde semester

Semesteret fortsetter med SYP-3007: *Fagfordjuping i infeksjonssjukepleie del 3, 10 sp.*

Det neste emnet er fortsettelse av emne SYP-3002 *Sykepleietradisjon og historie*. Her blir den historiske utviklinga av faget, fagtradisjon og sjukepleieteori belyst og diskutert i lys av debatt i dagens sjukepleiefag. Sentrale perspektiv frå tidlegare emne blir ført vidare og utdjupa.

4.4 Tredje studieår

Heile siste studieår er vigd arbeidet med masteroppgåva, emnet SYP-3901

Mastergradsoppgåva. Studentane skal gjennomføre eit individuelt arbeid under rettleiing.

Det blir arrangert masteroppgåveseminar der studentane legg fram og diskuterer arbeida til kvarandre. Lærarar leier seminaret og gir råd og rettleiing for det vidare arbeidet.

5 UNDERVISNINGS-, LÆRINGS- OG ARBEIDSFORMER

5.1 E-læring

E-læring er ein føresetnad for å utvikle eit fleksibelt masterstudium i sjukepleie som dreg vekslar på kompetansen i dei sjukepleiefaglege miljøa i Troms og Finnmark, og det er mogleg å inkludere emne frå samarbeidande institusjonar.

5.2 Desentralisert struktur med studentaktiv læring og IKT-støtte

Ved oppstart blir det etablert basisgrupper på minimum 4-5 studentar. Gruppeinndelinga kan gå ut frå geografiske omsyn eller faglege interesser. Kvar basisgruppe får ein lærarkontakt. I studieløpet blir det veksla mellom samlingar på campus i Tromsø og IKT-støtta arbeid i basisgruppene. Etter at studentane er blitt kjende med kvarandre og med lærarane på samling, brukar dei nettbaserte diskusjonsforum og får øving i å uttrykke faget og føre skriftleg og forpliktande argumentasjon. Desse arbeidsformene fremmar kompetanse i skriftleggjing av kunnskap..

Strukturen er lagt til rette for samarbeid med andre sjukepleiefaglege miljø om gjennomføring av seminar og førelesingar.

5.3 Læringsformer

5.3.1 Studentstyrte seminar

Studiet er bygd opp rundt langsgåande, studentaktive og obligatoriske seminar for samla klasse med lærarar, i snitt eitt seminar pr. 10 studiepoeng. Seminara blir dels gjennomførte ved samlingar på campus i Tromsø, dels ved hjelp av IKT-støtte. Grappa vel sjølv relevant tema ut frå det enkelte emnet og dei vinklingane dei vil presentere.

I framlegget beskriv basisgruppa praksiserfaringane og drøftar og analyserer dei i kritisk sjukepleiefagleg forskingskontekst, og i lys av undervisninga i studiet. Ei anna basisgruppe legg fram opposisjon til framlegget. Diskusjon i felles klasse med lærarar gir høve til å drøfte fellestrekk og forskjellar i sjukepleie i ulike praksisfelt. Lærarane har eit spesielt ansvar for å vise til forskning og trekke inn teoritilfang på stigande nivå. Studentstyrte seminar tener alle dei overordna læringsutbytta for studiet. Ut over desse læringsutbytta er seminara særleg viktige for å utvikle eit dynamisk og utforskande fagmiljø ved studiet. Dei gir høve til samarbeid og synergi med andre fagmiljø eller studie.

5.3.2 Litteratursøk

Tidleg i studiet får studentane trene på avansert søk og analyse av sjukepleiefagleg forskingslitteratur.

5.3.3 Artikkelskrivingskurs

Artikkelskrivingskurs bygger på tekstskrivingsseminar, og er særleg retta mot å skrive ein artikkel knytt til masteroppgåva.

5.3.4 Tekstskrivingsseminar

Tekstskrivingsseminar gir systematisk øving i å utvikle etisk forsvarlege, reflekterte og poengterte sjukepleieforteljingar og situasjonsbeskrivingar. Seminaret har spesiell relevans i undervisning, rettleiing og fagutvikling.

5.3.5 Førellesingar og lærarstyrte seminar

Å delta på førellesingar og seminar hos aktive forskarar, i klasse eller ved hjelp av IKT, gir studentane innsikt i aktuell forskning og teoretisk arbeid. Førellesingane behandlar deltema i kvart emne og set nytt lys på studentane sine erfaringar frå praksis og gir innsikt og oversikt i tema som i liten grad blir omtala i litteraturen. Førellesingar og lærarstyrte seminar tener alle dei overordna måla for studiet, spesielt ferdigheit i kritisk og allsidig bruk av sjukepleieforskning og kritisk drøfting av sjukepleieteoriar, fagtradisjon, grunnproblematikk, vitskapsteori og metodologi. Under dette inngår masteroppgåveseminara i SYP-3901.

5.3.6 Litteratureseminar

Gjennom nærlesing og diskusjon av tekstar i grupper utviklar studentane grep om sentrale tekstar i faget og kritisk innsikt i teori.

5.4 Evaluering

Evalueringar er ein viktig del av undervisnings- og læreprosessen og skal gjennomførast både skriftleg og munnleg. Både undervisning, emne og studieprogram skal evaluerast. Målet for evaluering er bevisstgjerung av samanhengen mellom mål og middel, mellom innsats og utbytte, og ulike sider av læreprosessen. Open og sakleg evaluering av undervisning og læring er ein reiskap for kommunikasjon mellom alle partane i studiesamanhengen. Evaluering skal sikre at den enkelte student har utvikla kompetanse som er i samsvar med god yrkesutøving.

6 EKSAMEN OG VURDERING

6.1 Formål med vurdering

Formål med vurdering er av pedagogisk og kvalitetsmessig karakter. Vurderingane er med å sikre at læringsutbytta for kvart emne er oppnådd. Avsluttande eksamen sikrar at overordna læringsmål for heile studiet er oppnådd.

6.2 Krav til studiedeltaking

Det er krav om deltaking på seminar i dei ulike emna, sjå under kvar enkelt emnebeskriving. Studentar som har hatt fråvere, må sjølv ta ansvar for å tileigne seg kunnskapar, ferdigheiter og haldningar i samsvar med læringsutbyttebeskrivingane.

6.3 Rett til eksamen

For at studenten skal kunne framstille seg til eksamenen, må følgjande kriterie vere oppfylte:

- Krav om studiedeltaking må vere oppfylt
- Eventuelle arbeidskrav i emnet må vere godkjent. Arbeidskrav blir vurdert som godkjent/ikkje godkjent.

For å kunne gå opp til avsluttande mastergradseksamen må alle tidlegare eksamenar vere bestått.

6.4 Karakterskala

Symbol	Nemning	Generell, kvalitativ beskriving av vurderingskriterium
A	Framifrå	Framifrå prestasjon som skil seg klart ut. Kandidaten viser sær god vurderingsevne og stor grad av sjølvstende
B	Svært god	Svært god prestasjon. Kandidaten viser svært god vurderingsevne og sjølvstende.
C	God	Jamt god prestasjon som er tilfredsstillande på dei fleste områda. Kandidaten viser god vurderingsevne og sjølvstende på dei viktigaste områda.
D	Nokså god	Akseptabel prestasjon med nokre vesentlege manglar. Kandidaten syner ein viss grad av vurderingsevne og sjølvstende.
E	Tilstrekkeleg	Prestasjonen tilfredsstillar minimumskrava, men heller ikkje meir. Kandidaten viser lita vurderingsevne og lite sjølvstende.
F	Ikkje bestått	Prestasjon som ikkje tilfredsstillar dei faglege minimumskrava. Kandidaten viser både manglande vurderingsevne og sjølvstende.

6.5 Rett til kontinuasjon

Studentar som ikkje består sist haldne ordinære eksamen, eller ikkje møter på eksamen pga. sjukdom og leverer sjukemelding, kan få gå opp til kontinuasjonseksamen/utsett eksamen. Nærare beskriving i *Forskrift for eksamenar ved UiT Norges arktiske universitet*.

7 EMNEBESKRIVNINGAR

7.1 SYP 3000: Fagforståing i sjukepleie

Innhaldskrav	Utfyllande opplysningar og kommentarar
Namn	Fagforståing i sjukepleie
Emnekode og emnenivå	SYP-3000
Emnetype	Emnet er obligatorisk ved masterprogrammet i sjukepleie, studieretning fagfordjupning infeksjon, og kan ikkje takast som enkeltemne.
Omfang	15 studiepoeng
Krav til forkunnskapar	Som for opptak ved mastergradsprogrammet.
Fagleg innhald	Emnet behandlar felles sjukepleiefaglege og sjukepleieetiske tema med klinisk praksis som utgangspunkt. Studentane blir oppfordra til å reflektere over eigne praksiserfaringar i samanheng med sjukepleiefagleg forskning og teori. Emnet handlar om: <ul style="list-style-type: none">- Sjukepleiefaglege perspektiv- Pasientperspektivet- Etiske utfordringar- Kunnskapskjelder i sjukepleiefaget
Relevans i studieprogram	Emnet er obligatorisk i studieretninga sjukepleiefagleg fordjupning.
Læringsutbytte	Ved bestått emne skal studenten: Kunnskap <ul style="list-style-type: none">• Vise innsikt i betydninga av sjukepleiefagleg observasjon og kontinuitet i arbeidet for å sikre pasientene omsorg og tryggleik.• Kunne gjere greie for mulege opplevingar, reaksjonar og meistringsstrategiar ved alvorleg sjukdom og kriser.• Kunne begrunne og drøfte sjukepleieansvar og sjukepleieomsorg ut frå eit pasient- og pårørandeperspektiv, og ut frå erfaringskunnskap, teori og forskning.• Gjere greie for og drøfte muligheiter og utfordringar for omsorg i eit høgteknologisk miljø, og under komplisert behandling.• Kunne analysere ulike kunnskapsformer i klinisk sjukepleiekompetanse, og gjere greie for pasient- og pårørandeperspektiv, erfaringskunnskap og forskning i begrunninga av sjukepleiefaglege vurderingar.

	<ul style="list-style-type: none"> • Kunne gjere greie for og drøfte aktuelle kunnskapsteoretiske tradisjonar i helsefaga i forhold til utviklinga av praksisfelt • Kjenne til ulike kulturelle perspektiv på helsetenester og sjukepleieprofesjonell utøving • Kunne gjere greie for og begrunne etiske teoriar og tilnærmingar i sjukepleie <p>Ferdigheiter</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kunne søke opp og vurdere kritisk forskningslitteratur som er aktuell for eigen sykepleiepraksis. • Kunne drøfte skriftleg og i forskingskontekst erfaringar frå eigen sjukepleiepraksis, med kritisk bevisstheit om eigen fagleg-etiske kompetanse • Kunne reflektere over og sette ord på fellestrekk og forskjellar i ulike sjukepleieprofesjonelle praksisfelt <p>Kompetanse</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kunne identifisere etisk vanskelige situasjonar og analysere korleis dei kan handterast gjennom samhandling. • Kunne diskutere eigen sjukepleieprofesjonell ståstad i teoretisk perspektiv. • Kunne begrunne og analysere sjukepleie til enkeltpasientar og pårørande gjennom kliniske forløp, i forskingskontekst • Kunne diskutere fagforståinga i sentrale sjukepleieteoriar • Kjenne sentrale debattar og utfordringar i det internasjonale sjukepleieprofesjonen • Kunne diskutere teoretiske perspektiv på fagkunnskap og profesjon, og drøfte forholdet mellom sjukepleieprofesjon og samarbeidande fagfelt på ein sjølvstendig og kritisk måte
Undervisning og arbeidsform	Studentstyrte seminar (kliniske seminar), førelesningar, tekstskrivingsseminar, litteraturseminar, gruppearbeid, sjølvstudium, forskningssøk
Kvalitetssikring av emnet	Systematisk student- og lærarevaluering av læringsutbytte, undervisningsformer og/eller vurderingsordning
Arbeidskrav	Aktiv deltaking på to kliniske seminar
Eksamen og vurdering	Skriftleg heimeeksamen, individuell eller i gruppe på to. Vurderingsuttrykk: Bestått/ikkje bestått.

Kontinuasjoneksamen	Ved ikkje bestått til ordinær eksamen blir det arrangert kontinuasjonseksamen. Kontinuasjoneksamen arrangerast slik at det ikkje vil få innverknad for studieprogresjonen til den enkelte studenten, seinast innan utgangen av påfølgande semester
Pensum	750 sider
Undervisnings- og eksamensspråk	I hovudsak norsk, men det kan også bli gitt undervisning på svensk, dansk og engelsk.

7.2 SYP-3002 Sykepleiehistorie og fagtradisjonar

Innhaldskrav	Utfyllande opplysningar og kommentarar
Namn	Sykepleiehistorie og fagtradisjonar
Emnekode og emnenivå	SYP-3002
Omfang	10 studiepoeng
Relevans for studieprogrammet	Emnet inngår i master i sjukepleie.
Forkunnskapskrav, anbefalte forkunnskapar	Som for opptak ved mastergradsprogrammet.
Fagleg innhald	<p>Sjukepleiefaget har lange fagtradisjonar der forholdsvis lite har vore skriftleggjort. Sjukepleiehistorie belyser utviklinga av faget og problematiserer myter. Medisinhistoriske, religionshistoriske, kvinnehistoriske og profesjonssosiologiske perspektiv vil vere relevante. Fagtradisjonen omfattar sentrale kompetansar og perspektiv som kontinuitet, barmhjertigheit, sjukepleieobservasjon og hygiene. Dette blir diskutert i lys av debattar i dagens sjukepleiefag.</p> <p>Emnet handlar om: Framvoksteren av spesialsjukepleie i Noreg Kjønn og samarbeid Sjukdom og samfunn Arenaer for sjukepleiepraksis</p>
Læringsutbytte	<p>Studentane skal etter bestått emne:</p> <p>Kunnskap</p> <ul style="list-style-type: none"> • kunne beskrive sentrale trekk i den historiske utviklinga av eige spesialfelt i Norge • kjenne sentrale trekk i den historiske utviklinga i sjukepleiefaget nasjonalt og internasjonalt. <p>Ferdigheit</p> <ul style="list-style-type: none"> • kunne diskutere sjukepleie i eit kritisk kjønnsperspektiv

	<ul style="list-style-type: none"> • kunne forklare og drøfte sentrale perspektiv og kompetansar i fagtradisjonen i sjukepleie <p>Kompetanse</p> <ul style="list-style-type: none"> • ha forståing for sjukepleietradisjon som kjelde til perspektiv og kunnskap • kunne stille seg kritisk til praksis, forskning og teoriutvikling i eige fag
Læringsformer og aktivitetar	Syp-3002 A anbefales at gjennomføres i første semester og er nettbasert og gis som ein MOOC (Massive Open Online Course) for sjølvstudium. Syp-3002 B gjennomføres i fjerde semester og er retta mot fagfordjupninga og gjennomføres med undervisning (bl. a. seminar) i Tromsø.
Eksamen og vurdering	Skriftleg heimeeksamen, individuell eller i gruppe på to som gjennomføres i fjerde semester. Eksamen blir vurdert til bestått-ikke bestått.
Kontinuasjoneksamen	Ved ikkje bestått til ordinær eksamen blir det arrangert kontinuasjonseksamen. Kontinuasjoneksamen blir arrangert slik at det ikkje er til hinder for studieprogresjonen til den enkelte studenten.
Arbeidskrav	Det er to arbeidskrav i emnet: 3002 A MOOC anbefales at gjennomføres i første semester. 3002 B deltaking framlegg og opposisjon på seminar i fjerde semester.
Undervisnings- og eksamensspråk	Nettførelesingane vil bli gitt på engelsk. Seminar på campus vil gå på norsk dersom alle deltakarane beherskar skandinaviske språk.
Pensum	500 sider

7.3 SYP-3005 Fagfordjuping i infeksjonssjukepleie, del 1

Innhaldskrav	Utfyllande opplysningar og kommentarar
Namn	Fagfordjuping i infeksjonssjukepleie, del 1.
Emnekode og emnenivå	SYP-3005
Omfang	20 studiepoeng
Relevans i studieprogram	Emnet inngår i master i sjukepleie, fagfordjuping i infeksjonssjukepleie

Forkunnskapskrav, anbefalte forkunnskapar	Som for opptak ved mastergradsprogrammet.
Fagleg innhald	<p>Emnet er delt i to hovudtema; medisinske og naturvitskapelege tema og sjukepleiefaglege tema. Samfunnsfaglege tema blir og tatt opp.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Medisinske og naturvitskapelege tema: Studiet vil gi ei brei innføring i patofysiologiske prosessar, undersøkingar og behandling og utfordringar knytte til infeksjonssjukdommar. Medisinsk mikrobiologi vil ha ein sentral plass i emnet der det blir lagt vekt på diagnostikk og sjukepleiaren si rolle i dette arbeidet. Antibiotikabruk og mekanismar for resistensutvikling og førekomst og utbreiing av resistente mikrobar vil bli grundig belyst. Emnet vil gi ei innføring i immunologi og vaksinologi. • Sjukepleiefaglege tema: vil fokusere på den konkrete pasientsentrerte sjukepleien til den akutt sjuke eller kronisk sjuke infeksjonspasienten. Emnet fører vidare sjukepleie som fagleg og etisk praksis, slik det er tematisert i SYP 3001. Emnet vil fokusere på korleis pasientar og pårørande kan oppleve infeksjonssjukdom og smittsam sjukdom. Global utbreiing av infeksjonssjukdommar medfører at mange pasientar kjem frå andre kulturar og har eit anna språk enn det norske. Det vil bli lagt vekt på kulturaspektet. Smitte har til alle tider vore omfatta av stigma. Forståing for dette er vesentleg i sjukepleien. • Smittevern og hygiene med fokus på smitteførebygging og smitteavgrensande tiltak vil bli grundig belyst. Emnet vil gi ei grundig innføring i hygiene som ein sentral del av sjukepleien sin fagtradisjon. Hygiene, slik det har blitt forstått og praktisert i sjukepleien både historisk og i dag. • Samfunnsfaglege tema. Emnet vil gi ei oversikt over infeksjonssjukdommane sin epidemiologi, nasjonalt og globalt. Det blir gitt innføring i lovverket som regulerer pleie og behandling av pasientar med smittsame sjukdommar. Tema som smittevern og smitteoppsporing blir drøftet.
Læringsutbytte	Studenten skal etter bestått emne: Kunnskap

	<ul style="list-style-type: none"> • Ha brei generell kunnskap om patofysiologiske prosessar som framkallar dei vanlegaste infeksjonssjukdommane. • Ha spesialisert/inngående kunnskap om symptom, diagnostikk og behandling av dei vanlegaste infeksjonssjukdommane, både akutte og kroniske. • Ha inngående kunnskap om medisinsk mikrobiologi og mikrobiologisk diagnostikk, under dette antibiotikabruk, resistensproblematikk og infeksjonsorvervaking. • Ha inngående kunnskap om kroppen sitt immunforsvar og forståing for faktorar som verkar på utvikling av infeksjonssjukdom. • Ha kunnskap om førekomst av infeksjonssjukdommar og utbreiing nasjonalt og internasjonalt og globalt <p>Ferdigheit</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kunne nytte kunnskapen ovanfor i observasjon, overvaking og behandling av pasienten og i sjølvstendig bedømming og prioritering i akutte situasjonar, for å handle raskt og forsvarleg innanfor eige kompetanse – og funksjonsområde. • Kunne praktisere kunnskap om smitteoppsporing i eigen klinisk praksis. • Kunne formidle faglege vurderingar munnleg og skriftleg, og delta i avgjerdsprosessar. • Kunne argumentere etisk når det gjeld pasientbehandling og pleie <p>Kompetanse</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kunne begrunne og drøfte sjukepleien til pasientar med infeksjonssjukdom og pårørande gjennom det kliniske forløpet. • Kunne vurdere og sjølvstendig sette i verk relevante smitteverntiltak knytt til pasientpleien, og rettleie kolleger i dette, med innsikt i pasientar og pårørande sine opplevingar og erfaringer med å ha smittsam sjukdom. . • Ha forståing for sjukepleien sin fagtradisjon innan hygiene som kjelde til perspektiv og kunnskap. • Ha inngående kunnskap om korleis kultur og religion kan påverke oppleving av infeksjonssjukdom. Med basis i denne innsikta kunne legge til rette for sjukepleie til pasientar med ulike kulturelle bakgrunnar og språk.
Læringsformer og aktivitetar	Førelesingar og lærarstyrte seminar, kliniske seminar, arbeid med pasientcase individuelt og i grupper, ferdigheitstrening i simulator, litteraturseminar, sjølvstudium.

Arbeidskrav	<ul style="list-style-type: none"> • Seminar Deltaking og opposisjon ved to kliniske seminar. Seminaret blir vurdert til godkjent/ikkje godkjent. • Kunnskapstest Gjennomført ein kunnskapstest i naturvitskapelege emne. Testen blir vurdert til godkjent/ikkje godkjent. • Praktiske ferdigheter: Studenten skal gjennomføre og oppfylle kvalitetskrava til DHLR- utøvarkurs (Norsk Resusitasjonsråd) • Pasientmottak i simulator: studenten skal ta del i minst eitt pasientmottak i simulatorsenter.
Praksis	Praksis inngår ikkje i emnet.
Eksamen og vurdering	Individuell skriftleg heimeeksamen ut frå sjølvvald tema. Dersom oppgåva bli vurdert til bestått, vil det bli arrangert ein munnleg eksaminasjon. Endeleg karakter, vurderingsuttrykk A – F, blir sett etter munnleg eksamen.
Kontinuasjoneksamen	Ved ikkje bestått til ordinær eksamen blir det arrangert kontinuasjonseksamen. Kontinuasjoneksamen blir arrangert slik at det ikkje er til hinder for studieprogresjonen til den enkelte studenten.
Undervisnings- og eksamensspråk	Som for mastergradsprogrammet.
Pensum	1000 sider.

7.4 SYP 3008: Grunnlagstenkning og vitskapsteori

Innholdskrav	Utfyllende opplysninger og kommentarer
Navn	Grunnlagstenkning og vitskapsteori
Emnekode og emnenivå	SYP-3008
Emnetype	Emnet er obligatorisk ved masterprogrammet i sjukepleie, og kan ikkje takast som enkeltemne.
Omfang	5 studiepoeng
Forkunnskapskrav	Som for opptak ved mastergradsprogrammet.
Fagleg innhald.	Emnet bygger på SYP-3000 og gir fordjupning i sentrale filosofiske, etiske og vitskapelege spørsmål i sjukepleie. Emnet gir også vitskapsteoretisk og metodologisk grunnlag for kritisk lesing av forskning i eige felt, og for å utvikle problemstilling for fagutviklings- eller forskingsprosjekt. Emnet gir grunnlag for metodeemnet HEL-3120. Emnet handlar om:

	<ul style="list-style-type: none"> - Grunnlagsspørsmål i sjukepleiefaget - Refleksjon over sentrale teorier og verdier - Sentrale vitenskapsteoretiske og metodologiske begrep og retningar i sjukepleiefaget - Kritisk lesing og drøfting av forskning i eige felt - Utarbeiding av prosjektplan for eit avgrenset fagutviklingsprosjekt
Relevans i studieprogram	Emnet er obligatorisk og felles for alle studieretningane ved masterprogrammet i sjukepleie.
Læringsutbytte	<p>Ved bestått emne skal studenten:</p> <p>Kunnskap</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kunne begrunne og problematisere sjukepleiens teori- og verdigrunnlag. • Ha kunnskap om ulike teoretiske og vitenskapshistoriske perspektiv på liv og sykdom. • Kunne innta eit analytisk perspektiv på vitenskaplege tilnærmingar i eget fag. <p>Ferdigheter</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kunne utvikle spørsmål for fagutvikling (evt. forskning) i eige felt. <p>Kompetanse</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kunne reflektere over forskjellar og samanhengar mellom ulike sentrale vitenskapsteoretiske og metodologiske begrep og retningar i sjukepleiefaget.
Undervisning og arbeidsform	Førelingar, gruppearbeid, seminar, sjølvstudium, forskingssøk
Kvalitetssikring av emnet	Emnets læringsutbytter, undervisningsformer og/eller vurderingsordning skal evalueres av studenter og lærere minimum annenhver gang emnet gjennomføres.
Arbeidskrav	Emnet omfattar ikkje arbeidskrav.
Eksamen og vurdering	Skriftleg heimeeksamen: Refleksjonsoppgåve med utvikling av fagutviklings- eller forskningsspørsmål i eige fagfelt. Eksamen kan skrivast individuelt eller i gruppe på to studentar, og blir vurdert til bestått/ikkje bestått.
Kontinuasjoneksamen	Ved ikkje bestått til ordinær eksamen blir det arrangert kontinuasjonseksamen. Kontinuasjoneksamen blir arrangert slik at det ikkje er til hinder for studieprogresjonen til den enkelte studenten.
Pensum	250 s.
Undervisnings- og eksamensspråk	Som for studieprogrammet

7.5 SYP-3006 Fagfordjuping i infeksjonssjukepleie, del 2

Innhaldskrav	Utfyllande opplysningar og kommentarar
Namn	Fagfordjuping i infeksjonssjukepleie, del 2
Emnekode og emnenivå	SYP-3006
Omfang	10 studiepoeng
Relevans i studieprogram	Emnet inngår i master i sjukepleie, fordjuping i infeksjonssjukepleie.
Forkunnskapskrav, anbefalte forkunnskapar	Som for opptak ved mastergradsprogrammet.
Fagleg innhald	<p>Fokuset blir i dette emnet utvida frå det direkte kliniske forløpet i del 1 til å fokusere på heile pasientforløpet der hovudperspektivet er det kontinuerlige pasientansvaret sjukepleiaren har gjennom heile forløpet, også etter utskriving. Samfunnsperspektivet i infeksjonssjukepleie og leiingsaspektet får sentral plass.</p> <p>Infeksjonssjukepleie i eit samfunnsperspektiv. Emnet vil føre vidare kunnskap og forståing for infeksjonssjukdommane sin epidemiologi. Det vil bli lagt vekt på analyse og bruk av epidemiologiske data som ei kjelde til å forstå aktuelle utfordringar knytte til infeksjonssjukdommar og deira utbreiing i dag. Det vil bli lagt vekt på globale utfordringar knytte til infeksjonssjukdommar. Det er viktig å ha forståing for samanhengen mellom korleis smitte blir spreidd, og faktorar hos enkeltindividet og i samfunnet som bidreg til at sjukdom utviklar seg. Førebyggingsaspektet er vesentlig.</p> <p>Infeksjonsovervaking- og registrering i eiga verksemd og kunnskap om smitteavgrensande tiltak vil ha ein sentral plass. Kulturaspektet førast vidare.</p> <p>Sjukepleiefagleg leiing og samarbeid. I dette emnet inngår sjukepleiaren si evne til å organisere eige og andre sitt arbeid for å sikre kvalitet i pasientpleien. Det blir lagt vekt på samarbeid med andre avdelingar, institusjonar eller heimesjukepleie.</p> <p>Kommunikasjon, informasjonsflyt og samarbeid med andre faggrupper, pasient og pårørande er sentrale element for å oppnå dette.</p> <p>Det blir lagt vekt på sjukepleiedokumentasjon for å arbeide målretta.</p> <p>Emnet vil fokusere på sjukepleiaren si rolle i forbetnings- og kvalitetssikringsprosessar, og sjukepleiaren si aktive deltaking i endringsprosessar for å sikre god pasientbehandling.</p>

Læringsutbytte	<p>Kunnskap</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kunne nytte epidemiologiske data for å planlegge infeksjonsførebygging og sjukepleie ut frå globale og lokale utfordringar. • Kunne dokumentere inngåande forståing for korleis smitte blir spreidd og kva faktorar hos enkeltindividet og i samfunnet som kan bidra til sjukdom. <p>Ferdigheter</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kunne analysere og drøfte pasientforløp ved infeksjonssjukdom i organisatoriske, geografisk, kulturell og sosial kontekst. • Kunne gjere rede for og begrunne sjukepleiefagleg leiing, rettleiing og samarbeid både i sjukepleiefagleg og i tverrfaglege kontekstar. • Kunne drøfte fleirfagleg og tverrfagleg samarbeid i ulike praksisfelt, analysere verdien av å etablere relasjonar og nettverk, og også uttrykke sjukapleiareren sitt bidrag til felles mål. • Kunne praktisere kunnskap om infeksjonsovervaking og registrering. <p>Kompetanse</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kunne analysere sjukepleiefaglege vurdering, organisering og leiing i pasientforløp, med dokumentasjon og kvalitetssikring av sjukepleie i og mellom organisasjonar, sektorar og nivå. • Kunne delta aktivt i utvikling av kunnskapsbaserte fagprosedyrer i eiga verksemd. • Ha inngåande forståing for faktorar som spelar inn i førebygging av smittespreiing og av infeksjonssjukdom. •
Læringsformer og aktivitetar	Førelesingar, studentaktive seminar og gruppeundervisning. Lærarstyrte seminar\forelesingar, ferdighetstrening i simulator. Hospiterings praksis.
Arbeidskrav	Aktiv deltaking ved eitt klinisk seminar.
Praksis	Ca 10 dager hospiteringspraksis på et praksissted som er relevant for fagfordjupningen. Studenten velger og inngår avtale med praksisstedet. Avtale og plan for praksis godkjennes av studiet.

Eksamen og vurdering	Emnet blir avslutta med munnleg framlegg i seminar, ut frå gitt oppgåvetekst. Eksamen blir vurdert til karakteren bestått/ ikkje-bestått
Kontinuasjoneksamen	Ved ikkje bestått til ordinær eksamen blir det arrangert kontinuasjonseksamen. Kontinuasjoneksamen blir arrangert slik at det ikkje er til hinder for studieprogresjonen til den enkelte studenten.
Undervisnings- og eksamensspråk	Som for mastergradsprogrammet.
Pensum	500 sider

7.6 HEL – 3120 Metoder, metodologi og forskningsetikk

Innholdskrav	Utfyllende opplysninger og kommentarer
Navn	Metodologi, metode og forskningsetikk
Emnekode og emnenivå	HEL-3120
Emnetype	Emnet er forbeholdt studenter som har studierett ved mastergradsprogrammet i helsefag. Emnet kan ikke tas som enkeltemne.
Omfang	10 sp
Plassering og varighet	I første semester for heltidsstudenter og i tredje semester for deltidsstudenter. Undervisningsperioden er på 2 uker med påfølgende eksamensperiode.
Forkunnskapskrav, anbefalte forkunnskaper	Som for opptak til mastergradsprogrammet i helsefag.
Faglig innhold	Emnet utdyper vitenskapsteoretiske forutsetninger for ulike metodiske tilnærminger i helsefagene og omfatter forskningsmetoder og forskningsdesign av kvalitativ og kvantitativ karakter. Ulike metoders anvendelsesområder belyses, og forholdet mellom teori, empiri og praksis blir tematisert. Emnet gir innføring i forskningsetikk som grunnlag for refleksjon over generelle forskningsetiske problemstillinger og vurdering av aktuelle konkrete prosjekter. Emnet omhandler også saksbehandling knyttet til forhåndsgodkjenning av prosjekt.
Relevans i studieprogram	Emnet gir grunnlag for å søke og kritisk vurdere litteratur og utforme metodisk opplegg for mastergradsoppgaven.

Læringsutbytte	<p>Studentene skal etter bestått emne kunne:</p> <ul style="list-style-type: none"> • beskrive og drøfte sammenhenger mellom grunnlagstenkning, forskningsspørsmål og metode og redegjøre for hvilke implikasjoner valgte posisjoner får for forskningsprosessen og forskerrollen • anvende grunnleggende begreper innenfor kvalitativ og kvantitativ metode • beskrive hva som karakteriserer ulike forskningsdesign innenfor kvalitativ og kvantitativ metode • diskutere særegenheter ved ulike analysemetoder innenfor kvalitativ og kvantitativ metode • beskrive hvordan forskningsspørsmål henger sammen med metodevalg og mer overordnede metodologiske diskusjoner om det undersøkte fenomenets beskaffenhet • gjøre rede for og begrunne hovedprinsippene for etikk innenfor helsefaglig forskning og gjøre etiske forsvarlige vurderinger knyttet til forskningsprosessen • gjennomføre systematiske litteratursøk og vurdere kritisk forskningslitteratur som bygger på både kvalitative og kvantitative studier • planlegge og gjennomføre et forskningsarbeid under veiledning • fortsette egen kompetanseutvikling på en selvstendig måte • kommunisere om faglige problemstillinger, analyser og konklusjoner på eget fagområde med andre faggrupper og til allmennheten
Læringsformer og aktiviteter	Forelesninger, seminarer, gruppeundervisning, praktiske øvelser og arbeid på pc-lab.
Eksamen og vurdering	Emnet avsluttes med en skriftlig hjemmeeksamen ut fra en gitt oppgavetekst som er knyttet til metode/metodologi. Det er utarbeidet utfyllende retningslinjer for oppgaven.

	Karakterskala fra A-E for bestått og F for ikke bestått.
Kontinuasjoneksamen	Det tilbys kontinuasjonseksamen ved karakteren F i påfølgende semester. Kontinuasjoneksamen avholdes slik at studenten kan følge normal studieprogresjon. Kontinuasjoneksamen arrangeres i henhold til forskrift for eksamener ved Universitetet i Tromsø.
Undervisnings- og eksamensspråk	Norsk er hovedspråk i undervisningen, men det kan også bli gitt undervisning på svensk, dansk og engelsk. Eksamensspråk er norsk, med mulighet for å skrive på svensk, dansk eller engelsk etter nærmere avtale.

7.7 SYP-3007 Fagfordjuping i infeksjonssjukepleie, del 3

Innhaldskrav	Utfyllande opplysningar og kommentarar
Namn	Fagfordjuping i infeksjonssjukepleie, del 3
Emnekode og emnenivå	SYP-3007
Omfang	10 studiepoeng
Relevans i studieprogram	Emnet inngår i master i sjukepleie, fordjuping i infeksjonssjukepleie.
Forkunnskapskrav, anbefalte forkunnskapar	Som for opptak ved mastergradsprogrammet.
Fagleg innhald	Hovedfokus for emnet er fagutvikling og forskning. Sjukepleiarane si rolle i kvalitetsarbeid, irekna utvikling prosedyrer og retningslinjer, vil bli belyst. Infeksjonssjukepleiaren sitt ansvar for undervisning og rettleing for å sikre god og adekvat pasientbehandling er essensielt i arbeidet med pasientar med smittsame sjukdommar, og gjeld i alle ledd i samhandlingskjeda. Studentane skal i dette emnet førebuast på å planlegge og gjennomføre avgrensa praksisrelevante forsknings- og fagutviklingsprosjekt innan infeksjonssjukepleie. I dette arbeidet gjer dei bruk av kunnskap frå emna SYP-3008 og HEL-3120.
Læringsutbytte	Studenten skal etter bestått emne: Kunnskap <ul style="list-style-type: none"> Kunne nytte vitenskapsteoretiske perspektiv i drøfting og grunngjeving av metodiske val i fagutvikling og forskning, ut frå valte spørsmål. Ferdigheiter <ul style="list-style-type: none"> Kunne planlegge og gjennomføre eit undervisningsopplegg innanfor infeksjonssjukepleie

	<ul style="list-style-type: none"> Kunne utvikle og grunnlegge sjukepleiefaglege fagutviklings- og forskningsspørsmål ut frå praksiserfaringar og kunnskapsbehov i infeksjonssjukepleie <p>Kompetanse</p> <ul style="list-style-type: none"> Kunne utarbeide en plan for eit avgrensa fagutviklingsprosjekt eller prosjektbeskriving for masteroppgåve innanfor feltet infeksjonssjukepleie.
Læringsformer og aktivitetar	Førelingar, studentaktive seminar og gruppeundervisning. Lærarstyrte seminar\forelesingar, ferdigheitstrening i simulator. Hospiteringspraksis.
Arbeidskrav	<ol style="list-style-type: none"> Planlegge, gjennomføre og evaluere eit undervisningsopplegg innanfor infeksjonssjukepleie, for kolleger, studentar, eller pasienter/pårørende. Aktiv deltaking ved eitt klinisk seminar.
Praksis	Ca 5 dager hospiteringspraksis på et praksissted som er relevant for fagfordjupningen. Studenten velger og inngår avtale med praksisstedet. Avtale og plan for praksis godkjennes av studiet.
Eksamen og vurdering	Emnet blir avslutta med en heimeeksamen i form av prosjektbeskriving for masteroppgaven. Plan for prosjektet skal være knyttet til fagfordjupningen. Eksamen blir vurdert til karakteren bestått/ ikkje- bestått.
Kontinuasjoneksamen	Ved ikkje bestått til ordinær eksamen blir det arrangert kontinuasjonseksamen. Kontinuasjoneksamen blir arrangert slik at det ikkje er til hinder for studieprogresjonen til den enkelte studenten.
Undervisnings- og eksamensspråk	Som for mastergradsprogrammet.
Pensum	500 sider

7.8 SYP-3901 Masteroppgåve i sjukepleie

Innhaldskrav	Utfyllande opplysningar og kommentarar
Namn	Masteroppgåve i sjukepleie
Emnekode og emnenivå	SYP-3901
Omfang	40 studiepoeng
Relevans i studieprogram	Emnet inngår i master i sjukepleie og er obligatorisk. Oppgåva er det største enkeltemnet i masterprogrammet og gir eit samanfattande uttrykk for læringsutbytta for heile programmet,

	når det gjeld til evne til å nytte teoretisk, forskningsetisk og metodisk kunnskap i studien av ei fagspesifikk problemstilling.
Forkunnskapskrav, anbefalte forkunnskapar	Studenten må ha bestått alle føregående obligatoriske og sjølvalde emne tilsvarande 80 studiepoeng før innlevering av masteroppgåva.
Faglig innhald	<p>Masteroppgåva er eit sjølvstendig skriftleg arbeid der studenten skriv åleine eller saman to og to. Oppgåva gjer studenten høve til å fordjupe seg i sjølvvalgte felt i sjukepleiefaget.</p> <p>Studentane kan skrive teoretiske oppgåver, eller oppgåver der dei har gjennomført mindre empiriske undersøkingar.</p> <p>Teoretiske oppgåver omfattar drøfting og refleksjon over publisert litteratur. Empiriske oppgåver bygger på innsamla materiale.</p> <p>Oppgåva kan vere ei samanhengande oppgåve (monografi) eller vere i artikkelformat. Ho skal innehalde eit norsk og eit engelsk samandrag. Ein monografi skal ha ei ramme på 50-70 sider. Forutan litteraturoversikt skal studenten levere ei separat oversikt over sjølvvald litteratur.</p> <p>Dersom artikkelform blir valt, skal oppgåva omfatte minimum ein artikkel som møter krava til publisering i eit anerkjent vitskapeleg tidsskrift med fagfellevurdering. I tillegg skal oppgåva innehalde eit skriftleg arbeid som utdjupar eitt eller fleire område som artikkelen opnar opp for. Dette utdjupande vedlegget har ei ramme på ca.30 sider. Ved innlevering av mastergradsoppgåva skal artikkelen/artiklane skal vere sendt inn for publisering eller vere klargjorde for innsending.</p>
Læringsutbytte	<p>Studenten skal etter bestått emne:</p> <ul style="list-style-type: none"> • kunne gjennomføre på ein metodisk kompetent måte under rettleiing eit avgrensa, sjølvstendig forskingsarbeid, i tråd med forskningsetiske normer og lovverk som regulerer forskning. Arbeidet skal dokumentere fordjuping i sjukepleiefaget generelt, og særleg innsikt i eit avgrensa område av faget. • kunne bruke kunnskap til å undersøke nye område i sjukepleiefaget. • kunne formidle eige fagleg arbeid til eit publikum. • kunne analysere og drøfte erfaringar frå sjukepleiepraksis i lys av sjukepleiefagleg og tverrvitskapeleg forskning og teori, og sjølvstendig integrere ulike kunnskapsformer og vitskapelege tilnærmingar. • kunne bruke nasjonal og internasjonal sjukepleieforskning kritisk og allsidig i eige arbeid.

	<ul style="list-style-type: none"> • kunne identifisere fagleg relevante spørsmål i sjukepleiepraksis som kan førast vidare i kvalitetsutvikling, fagutvikling og forskning. • kunne grunngje eige forskingsperspektiv vitskapsteoretisk og metodologisk, identifisere og drøfte forskningsetiske problemstillingar og gjennomføre eit avgrensa forskingsprosjekt under rettleiing ut frå metodisk kompetanse i tråd med gjeldande forskningsetiske normer og lovverk som regulerer forskning.
Læringsformer og aktivitetar	Artikkelskrivingskurs, individuelle rettleiingstimar, masteroppgåveseminar.
Eksamen og vurdering	<p>Mastergradsoppgåva blir bedømt av ein oppnemnd eksamenskommisjon sett saman av ein ekstern og ein intern sensor.</p> <p>Dersom oppgåva blir godkjent, skal studenten halde ei offentleg prøveforelesing der ho/han presenterer oppgåva, og det vil bli arrangert ein munnleg eksaminasjon der studenten får tilbakemelding i ein fagleg samtale om oppgåva og pensum. Grunnlaget for vurderinga er den samla prestasjonen av oppgåva, prøveforelesinga og munnleg eksamen. Vurderingsuttrykket er karakterskala A-F.</p>
Kontinuasjoneksamen	Ved ikkje bestått eksamen, eller ved akutt sjukdom til eksamen blir det arrangert kontinuasjons/utsett eksamen
Arbeidskrav	Deltaking, framlegg og opposisjon ved to av tre masteroppgåveseminar. Arbeidskravet blir vurdert til godkjent /ikkje godkjent.
Undervisnings- og eksamensspråk	Oppgåva kan skrivast på norsk, dansk, svensk eller engelsk.
Pensum	sjølvvald pensum på ca. 1000 sider.